

LÅT O'S LINK

Nummer 2
April 2008
Årgang 18

LANDSKAPPLEIK TIL FAGERNES I 2009?



Foto: Jørgen Wangensteen

- Ny leiar i Valdres Folkemusikklag, side 2
- Talenttreff for gamle og unge langeleikspelarar, side 12
- Tonalitetsseminar på Slidrehuset, side 13
- Kven var egentleg Fløytil-Lars?, side 15

GREP OM LAGET

Den kjende dansaren, dommaren, vangs gjeldingen og tryslingen Kjell Bakken vart vald til ny leiar i Valdres Folkemusikklag på årsmøte 27. mars i år.



Foto: Avis Valdres

landskappleiken til Fagernes i 2009. Er Valdres i stand til å reise kjerringa etter fiaskoen på Beitostølen for to år sidan?

- Styret arbeider etter mandatet gitt av årsmøtet. Å unngå økonomisk fiasko er avhengig av kva gode avtaler vi klarer å oppnå med Landslaget for Spelemenn, forretningsmiljøet i regionen, hotell, anlegg og i kva grad vi er flinke til å tene pengar på eigen aktivitet. I tillegg sponsorinntekter, garantiar, billetter og eventuelle tilskott, seier Bakken.

- Har du noko valspråk for gjerninga i Valdres Folkemusikklag?

- Du skal tro at du er noe. (jfr. vikingloven), seier Bakken.

Redaksjonen ynskjer Bakken lykke til med gjerninga og arbeidet i Valdres Folkemusikklag.

- Gratulerer med leiarrolla! Kva er dei viktigaste oppgåvene i Valdres Folkemusikklag?

- Ta vare på, og vidareføre tradisjons- og kulturarven knytt til folkemusikken og folkedansen i Valdres, legge til rette for at tradisjonsberarane blir meir involvert i vidareføringsarbeidet samt å styrke arbeidet i lokallaga, kjem det kjapt frå Bakken.

- Noko meir?

- Ja, vi bør utvikle Valdres Folkemusikklag slik at organisasjonen blir meir førebudd til å møte framtidige utfordringar. Dette er viktig for å ta vare på og utvikle dagens arbeidsplassar i laget, seier Bakken.

- Du arbeidar hardt for å legge

Dette er Kjell Bakken:

Fullt namn: Kjell Martin Ola.

Født: Trysil 8. juni 1943.

Gift med Marit i 1974.

Ei dotter, Sigrid.

Nettsidene

Fylg med på nettsidene til Valdres folkemusikklag

www.valdresfolkemusikklag.no

Send gjerne aktuelt stoff som me kan legge ut på sidene.

VALDRESKAPPLEIK PÅ SOLHAUG

Lokalkappleik og runddansstemne har fått ein etterfylgjar:

Valdreskappleiken. Laurdag 10. mai brakar det laus på gode, gamle Solhaug i Øystre Slidre.

All tevling, spel, song, lagdans, dans, gamaldans solo og grupper føregår på dagtid frå kl. 11 til 17. Seinare på kvelden, mellom kl. 22 og 23 blir det kåring av årets «Gamaldanspar 2008». Vinnarane får med seg 1000 kr, i tillegg til napp i vandrepremien til minne om Ivar Brænd.

På festen på kvelden blir det finalekonsert med pengepremiar. Dommarane plukkar ut tre finalistar frå tevlinga på dagtid til ein eigen finalekonsert om kvelden kl. 19. Desse tevlar om 2000 kr, 1500 kr og 1000 kr. Etter finalekonserten er det premieutdeling.

Seinare på kvelden blir det heidundrande dansefest. Arrangørane reklamerer med god dansemusikk, mellom anna Tom Kjetil Tørstad & Co, Skarvemellin, The Gamasamas, Jan Beitohaugen Granli, Ingunn Bjørgo med vener, Aurdal trekkspelklubb og ikkje minst: Kjellbjørn Karsrud. Det blir høve til å kjøpe seg mat og drikke både på dagtid og kveldstid. Valdres gardsbryggeri serverer lokalt øl

Klasseinndelinga ser slik ut:

- Eldre folkemusikkinstrument: Langeleik, munnharpe, fløyter, lur, bukkehorn m.m.
- Dans/ lagdans: Springar/ springleik, gangar/ bonde, laus/halling.
- Hardingfele og vanleg fele
- Samspel: Spelemannslag, gamaldansgrupper med meir.
- Toradar/ trekkspel
- Vokal
- Open klasse

Dei som spelar gamaldans og bygdedans blir dømde i sama klassa, det sama gjeld laus, pardans og lagdans. Kappleiken får slik sju klassevinnarar.

Senior: deltakarar f.o.m. det året dei fyller 19 år.

Junior: deltakarar f.o.m. det året dei fyller 12 år t.o.m. det året dei fyller 18 år.

Rekrutt: deltakarar under 12 år (til og med det året dei fyller 11 år).

Påmeldingsavgift: 100,- for deltakarar i senior og junior, rekruttar betaler 50,-. Andregongs deltakarar betaler 50,-. Betal innan fristen til kontonummer. 2135 35 24264.

Påmeldingsfrist 1. mai for deltakarar til kappleiken

Kontakt Ingvild Lie på e-post ingvilie@yahoo.no / mob. 992 95 056

Dette kostar kappleiken og gildet:

Vaksne: 100 kr

Ungdomar: (12 – 18), 50 kr.

Born under 12 år/deltakarar: Gratis.

Billetten gjeld både på dagtid og for festen om kvelden. Du finn meir info om Valdreskappleiken på: www.valdresfolkemusikklag.no

LANDSKAPPLEIK I 2009?

— Om ikkje Valdres tek på seg landskappleiken neste år, blir det ingen landskappleik, sa dagleg leiar i Landslaget for Spelemenn, Magnar Sundt under årsmøtet til Valdres Folkemusikklag 27. mars. Per i dag er det ingen arrangør til landskappleiken 2009. Sundt vonar valdrisane tek på seg arrangementet neste år. Kappleikskrisa vart livleg diskutert og fleire skisserte spenstige, alternative idear for neste års landskappleik. Mellom anna kom det framlegg om å flytte landskappleiken i 2009 til slutten av juli, kombinert med Jørn Hilme-stemnet.

— La oss leggje landskappleiken til Jørn Hilme-stemnet. Her er apparatet alt på plass, meinte Alice Gudheim, avtroppande leiar i Valdres Folkemusikklag.

Fleire møtedeltakarar var også skeptiske til ny kappleik i Valdres, særleg med tanke på kort førebuing og underskotet frå landskappleiken på Beitostølen friskt i minne.

— Å arrangere landskappleik er eit kjempeløft av tid og krefter. Mobilisering av folk for ny kappleik etter så kort tid, og på så kort tid, er eg kritisk til. Mange kjenner framleis på kroppen kva det kosta førre gong, sa leiar i Vestre Slidre Folkemusikk- og Danselag, Randi Før. Andre meinte kappleikskrisa er eit godt forhandlingskort. Skal vi ta på oss dette, må vi sikre oss ei gunstig, økonomisk avtale med landslaget. Det må vere eitt av vilkåra, meinte fleire.

Årsmøte i Valdres Folkemusikklag fatta likevel fylgjande vedtak: «Styret i Valdres Folkemusikklag får fullmakt til å sondere vilkåra for å arrangere landskappleik i 2009. Spørsmålet skal deretter opp til diskusjon i eit ope møte og avgjerla takast av eit leiarmøte samt styret i Valdres Folkemusikklag».

Årsmøte dreia seg også om Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet. Dei økonomiske resultatata for Hilme-stemnet syner samla inntekter på ikring 1 750 000 kr. Dei samla lønsutgiftene til konsertutøvarane ligg i underkant av 400 000 kr. Kvart år gjev stemnet ein dugnadskompensasjon til moderlaget, Valdres Folkemusikklag. For 2007 var denne potten 45 000 kr. Dei samla driftskostnadane er i overkant av 1 000 000 kr. Stemnet kom nesten i balanse, resultatet vart minus 349 kroner.



Alice Gudheim vil ha landskappleik i Valdres. Foto Knut Aastad Bråten

INTERESSE FOR VALDRESLAUG

Valdres Natur- og Kulturpark kalla sceniske utøvarar i Valdres inn til møte 21. mars. I kring 30 kunstnarar møtte fram.

Kulturkonsulent Finn Helge Lyster i natur- og kulturparken orienterte dei frammøtte om bakgrunnen for initiativet. Målet er enkelt og greitt: Valdres Natur- og kulturpark skal samle alle sceniske utøvarane i ei samarbeidande gruppe. Mellom anna får utøvarane tilbod om eigne profilar på ein ny nettportal.

Fleire emne vart diskutert, mellom anna krava til utøvarane, dei såkalla merkekrava. Mest motstand møtte framlegget om eige organisasjonsnummer for alle utøvarane. Nokre var redd krav om eige organisasjonsnummer vil ekskludere fleire frå å ta del i mangfaldet. Møtet vedtok difor å stryke dette kravet. I staden blir det sett som *mål* at utøvarane skaffar seg organisasjonsnummer.

Nettportalen for kunstnarane er enno ikkje på føtene. Møtelyden brukte noko av tida på å diskutere høveleg inndeling av kunstsjangrane. Møtet kom fram til denne inndelinga: Musikk, dans, drama og produksjon.

Eit interimstyre vart sett ned med Ellen Persvold, Ole Aastad Bråten, Ellen Berntsen, Harald Høyvik og Bente Nordli Holden. Til hausten blir det nytt møte «der vi freistar få til ei fastare organisering med val av styre», skriv Lyster i referatet.

LEA DE I VALDRES

No er det klart for Lea de-samling i Valdres. Set av dagane 9.-11. mai på Rogne skule. Samlinga er same helga som Valdreskappleiken.

-Me ynskjer alle hjarteleg velkomne til ei super helg med mykje dans og moro, seier Lea de-leiar Stian Roland.

Overnattinga blir i klasserom på skulen. Ungdommane blir oppmoda til å ta med sovepose, liggeunderlag, handkle, andre toalettsaker, lette dansesko, og minst eit par klesbyte, fortel Stian Roland. Spelemenn og spelevinner bør også ta med instrumenta.

Martin Myhr er ein av landets mest profilerte lausdansarar. Han kjem med ein gjeng ungdomar frå Hallingdal denne helga. Det blir duka for eigne grupper i laus/halling for dei som er mest interessert i det. Dei som er mest interessert i pardans får høve til å jobbe med det.

Det blir organisert mat for heile helga. Av omsyn til mat og overnatting vil arrangørane gjerne ha eit oversyn over kven som kjem.

-Gje òg beskjed viss vi må ta omsyn til deg med spesiell mat eller liknande, skriv Roland som opplyser at samlinga er gratis.

-Vi er interessert i folk til prosjektet, så kjenner de nokon som har lyst – få dei med, seier Stian Roland. Interessert? Meld frå til Stian (tlf 907 22 690, stian.roland@hf.ntnu.no) så snart som råd.

60 ÅR PÅ BUVOLLEN

Skøyttet er datert den 20. desember 1947 og jubileumsåret var egentleg 2007, men det er likevel frå våren 1948 at laget verkeleg tok hytta i bruk. Derfor held me fram med jubileringa også i 2008.



På årsmøtet i Valdreslaget i 1946 vart det sett ned ei nemnd for å skaffe laget ei hytte. Det var Erling Strand, Olav Ranheim og Knut Kvien som utgjorde nemnda. Det som var til sals var som regel dyrt og dårleg og dei leita i fleira år. Til slutt fant dei «Sportseiendom ved Sinober til salgs» og dette

var litt av ein godbit: Ikring 50 mål tomt med ei lita tømmerhytte. Eit dugande styre i Valdreslaget og inflasjonen løyste alle økonomiske problem kring hyttekjøpet i de åra som fylgde!

Hytta hadde berre eit rom. Sidan er hytta påbygd med kjøken, to kammers og eit lite overbygg utanfor kjøkendøra. Her er det gjevt å sitte med kaffikoppen i kveldssola.

Hytta er no musetett og det duftar godt inne. Ofte tar me ein svingom etter dugnadar og elles på den flotte danseplatinga, sommar som vinter. Snaue 100 meter frå hytta ligg Kringletjødn med godt badevatn om somrane.

Laurdag 14. juni ynskjer me å markere at Buvollen har vore i laget si eige i 60 år. Vi ynskjer unge og gamle vener av Buvollen velkomen for å sjå kva for ei perle dette er.

Det blir også høve til eit lite minikurs i springar på den flotte danseplatinga. Utpå ettermiddagen blir det dans på platingen og elles prat og mimring. Det blir sjølvsagt kaffi og blautkake. Kanskje blir det ein liten konsert i år og, slik som i fjor?

Dei som kjem må ta med litt spekemat med meir til felles bordsete, og det vil bli påmelding til rjomegraut. Nærare beskjed vil de finne på heimesida vår www.valdreslagetioslo.no

Me har også starta ei kronerulling. Bli med på å gi Buvollen ei jubileumsgåve! Hyttenemnda har ei lang ynskjeliste. Gåva kan setjas inn på laget sin konto 0540 08 09331, mrk. Buvollen 60 år

Liv Nystrøm

DEN STORE, INTIME FESTIVALEN

Dette skjer på Jørn Hilme-stemnet 20.—27. juli:

- Solefallkonsert på Jaslangen med Rolf Arly Lund, Karl Seglem, Håkon Høgemo, Anne Marit Bergheim m.fl.
- «Kongevegen» med Håkon Høgemo og Jan Beitohaugen Granli. Produsent Synnøve S. Bjørset.
- «KRUK!» med Hallgrim Hansegård, Ulf-Arne Johannessen, Anders Aasberg, Solveig Hårdnes, Sigbjørn Rua, og Martin Myhr.
- Helene Bøksle, Triumvir, Camilla Granlien Band, kyrkjekonsertturnè,
- kurs, kappleik, barnekonsertar.
- Gamaldans med P.A. Røstad og Dalimellom,



Kjem: Anders Aasberg dansar godt, sjølv om han er frå Hallingdal.

Foto Knut Utler

Nysgjerrig? Fylg med på www.hilme.no

HELSING FRÅ SVEIN ERIK HILMEN

Tidlegare ordførar i Nord-Aurdal kommune, no general for Jørn Hilme-stemnet, Svein Erik Hilmen helsar stemnefolket med denne fanfaren:

I snart femti år har Jørn Hilme-stemnet kalla folkemusikkfamilien inn til stemne. Med nye og spanande konsertar har festivalen vorte eit tilbod til alle, også til dei som tradisjonelt ikkje oppsøker folkemusikken og -dansen.

Kom til Jaslangen på trolsk fjellkonsert! Ramma for konserten er Knut Hauge si diktning, i hans eige fjellrike, med hulder og haugafolk som usynelege tilhøyrarar.

Bli med på kyrkjekonsertar – frå Hedalen i sør til St. Thomaskyrkja på Filefjell.

Vi inviterer til sumarkveldar på Valdres Folkemuseum, med utekappleik, konsertar, bygdedans og gamaldans, saman med tradisjonsmat og lokalbrygga øl.

Ein av dei største kappleikane i landet finn du på Jørn Hilme-stemnet. Bli med på tevling i song, dans og spel. Her er det plass til alle, frå dei yngste til dei eldste.

Velkomne til det 48. Jørn Hilme-stemnet!

Styreleiar Svein Erik Hilmen

EVENTYRLEGE FOLKEMUSIKKDAGAR PÅ LEIRA

I år er det 11. gong Strunkeveko går av stabelen på Valdres folkehøgskule på Leira. Dagleg leiar Stian Roland ser fram til at krikar og krokar skal fyllast opp med unge håpefulle dansarar og musikarar. Om lag 100 elevar i alderen 11 år og oppover er venta til sommarkurset. I år kan ein få undervisning i song, fele, hardingfele, langeleik, toradar/trekkspel, samspel, folkedansteater og dans med vekt på halling. Dans og uttrykk var eit kurs som tok til i fjor, dette held fram i år og er eit tilbod til danseglad ungdom frå 16 år og oppover.

Nytt i år er eit eige tilbod til dei som endå ikkje er gamle nok for Strunkeveko. Ministrunken er eit dagkurs på Valdres Folkemuseum tysdag 22. juli og onsdag 23. juli frå kl. 10.00 – 15.00 begge dagane. Dette er eit tilbod til ungar frå 8 til 11 år, og burde då vere perfekt for til dømes misunnelege småsøsken? Instruktørane på Ministrunken er Irene Tillung, Jorun Marie Rypdal Kvernberg og Åshild Vetthus, kjent frå trioen Tindra saman med Stein Villa.

Dei ordinære kursa kostar kroner 2 500. Syskenmoderasjon kroner 300 pr. søsken. Dette dekkjer kost, losji og undervisning sundag til fredag. Det kan vera lurt å søkje heimkommunen din og det lokale spel- og dansarlaget om økonomisk støtte.

Påmeldingsfrist for både Strunkeveko, Dans og Uttrykk og Ministrunken er 15. mai. www.strunkeveko.no

Ingvild Lie



Kurs: Strunkeveko er ein suksess frå ende til annan. Dette bilete vart knipsa under øvingane på Valdres Folkemuseum i fjor. Lærar Synnøve Bjørset med elev. Foto Knut Aastad Bråten

KURS OG INSTRUKTØRAR STRUNKEVEKO 2008

Dans med vekt på halling:

Sigbjørn Rua og Martin Myhr

Langeleik:

Marit Steinsrud og Ingri Kværne Amundsen

Song:

Hildur Øygarden, Agnes Buen Garnås og Ruth Wilhelmine Meyer.

Samspel:

Tore Bruvoll og Andreas Skeie Ljones

Toradar/trekkespel:

Ingunn Bjørgo, Leif Ingvar Ranøien og Lisbeth Haraldsen.

Folkemusikk - dans - teater:

Andreas Skeie Ljones og Sigrid Terese Moldestad.

Fele:

Andreas Bjørkås, Tonje L. Barkenes og John Ole Morken.

Hardingfele:

Olav L. Mjelva, Tore Bolstad og Gro Marie Svidal.


Gjesteinstruktør:

Håkon Høgemo

Dans og utrykk:

Sigurd J. Heide, Martin Myhr, Hallgrim Hansegård, Ingar Ranheim, Hæge Manheim, Silje Onstad Hålien og Ruth Wilhelmine Meyer.

Som deltakar kan du under veka melde deg på minikurs i scenepresentasjon, munnharpe, fløyte med meir.



Mjølkerampa

Etter årsmøte i Valdres folkemusikklag 27 mars, ser det nye styret slik ut:

Kjell Bakken, leiar, Frode Rolandsgard, nestleiar, Magne Olav Selland, skrivar, Ivar Hemsing, styremedlem, Ingar Ranheim, for Valdresmusea, Solveig Hårdnes, tilsettere representant. 1. vara er Lise Lunde Brennhagen, 2. vara er Johanna Fuglesteg medan 3. vara er Esther Sonja Bergene.

Utdeling av Haldor Røynes Minnepris

Har de framlegg til kandidatar til Haldor Røynes Minnepris? Send namn og utfyllande opplysningar til medlemmene i minnefonda. Ola Hjelle, ol-hje@online.no, Sissel Bolstad, sisbol@online.no, eller Ellen Persvold ellenpersvold@hotmail.com. Prisen blir delt ut under fredagskonserten på Jørn Hilme-stemnet til sommaren.

Dette er dei nye styremedlemmene og Jørn Hilme-stemnet

Svein Erik Hilmen, leiar, Torveig Dahl, for Valdresmusea, Kari Tyldum, styremedlem, Ingebjørg Moe, styremedlem og Nikolai Øyhus, styremedlem.

Styret i Strunkeveko har denne samansetninga for 2009:

Eli Marit Fuglesteg, leiar, Marit Karlberg, Gro Arneng, Kari Grøslund og Kjellbjørn Karsrud

Langeleiksamling på Gjøvik

Til hausten, truleg i september brakar det laus på Gjøvik. Langeleikspelarar frå heile landet blir invitert til felles løft for langeleiken. I fylgje kjelder Låt ó Link har snakka med, blir det arbeid for å etablere Norsk Langeleiklag under langeleiksamlinga her. Kjenner vi miljøet rett, er det duka for kamp om det prestisjetunge presidentvervet.

Lise leiar

Ny leiar i Vårflaumen spel- og dansarlag, Lise Lunde Brennhagen, har teke på seg eit tungt, men viktig verv. Etter lagskrisa det siste halvåret, har Lise bretta opp ermene og er klar til mange og store oppgåver. Alt no har ho sendt invitasjon til alle medlemmene i laget for å stable på føtene eit brukbart lagdanslag til landskappleiken på Oppdal. Den som kjenner seg huga til dans og moro i vårflaumenregi må difor ta kontakt med Lise med det same. E-postadressa til den nye leiaren er lisemor85@hotmail.com

Nytt kontor

Stian Roland og Strunkeveko har fått nytt kontor på Valdres Folkemuseum, vis a vis Valdres Folkemusikklag og Hilme-kontoret.



LENGRE PRIMSTAV PÅ NETTET!

Sjå www.valdresfolkemusikklag.no – der finn du det som skjer i Folkemusikk-Valdres. Har laget ditt eit arrangement? Gi beskjed til Solveig på post@valdresfolkemusikklag.no, så legg ho det inn der.

Danseøving på Kvamshall

Vestre Slidre Folkemusikk- og Danselag har dansetreff og øving på Kvamshall desse onsdagane kl. 19.30: 7. mai og 21.mai. Spelemann er storspelemannen frå Aurdal, Sivert Holmen.

«Alle danseinteresserte blir oppmoda om å møte fram til dans og hyggje. Me prøver å stille på lokalkappleiken i Øystre Slidre 10. mai både i spel og dans, med lag og individuell deltaking», skriv leiaren i laget, Randi Før i ein e-post til redaksjonen.

Langeleiksamling på Herangtunet

Langeleikspelar, lærar og småbrukar Gunvor Hegge kallar alle inn til hyggeleg langeleiksete i Spelemannsstogun på Herangtunet 27. mai kl. 19.00.

Aktivitetar i Øystre Slidre spel- og dansarlag

Mai: 02.05 Fredagsdans kl. 20.00
18.05 Sundagsdans
25.05 Sundagsdans

Juni: 06.06 Fredagsdans kl. 20.00
01.06 Sundagsdans
15.06 Sundagsdans
22.06 Sundagsdans

Alle arrangementa er på Herangtunet.

Frist for stoff til Låt o' Link 2008

3/2008: 15. september

4/2008: 15. november

Fristen for stoff til neste nummer kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

TALENTTREFF FOR UNGE LANGELEIKSPELARAR

Laurdag 12. april var det talenttreff for unge og nokre gamle langeleikspelarar.

-Det er høgt nivå på unge langeleikspelarar i dag, men det vantar eit forum for samvær og utvikling. Dette vil me gjere noko med, fortalde Oddrun Hegge i helsingstala si til dei frammøtte. Takt og driv, rytme og tæl var tema og innfallsvinkel for langeleiktreffet. Landets fremste langeleikspelarar, mellom andre systrene Gunvor og Oddrun Hegge fortalde om hemlegheita bak suksessen. Knut Aastad Bråten demonstrerte etter beste evne kvifor langeleiken eignar seg ypparleg som danseinstrument.

Ekstra gledeleg var gjensynet med langeleikspelarane frå Gjøvik. Marit Steinsrud og Stein Villa fortener klapp for at dei tok turen til Valdres denne høgtidsdagen. Tiltaket var i regi av kulturskulane i Valdres, Valdres folkemusikklag og Valdresmusea AS. Ikring 16 spelemenn og -kvinner deltok.



Høgt nivå, godt driv. Foto Knut Aastad Bråten

STIPEND TIL KNUT

Knut Steinsrud har fått Statens stipend til eldre, fortente kunstnarar. Stipendet er på 20 000 kr kvar år. Knut har halde minst eit hundretals springarkurs i Valdres dei siste 60 år.

-Eg skal ikkje misbruke pengane! Det kan godt hende at eg finn på eitt og anna til Hilmissstemnet, kan hende ein vandrepokal eller noko liknande, seier Knut om stipendet.

-Du har vore og er aktiv i folkemusikkmiljøet gjennom mange tiår. Korleis står det til med folkemusikken i Valdres i dag?

-No ser eg lyst på folkemusikken fordi vi har så flinke utøvarar som presentere Valdres, musikken og dansen på ein fin måte. I Hallingdal har dei den siste tida vore flinke til å rekruttere unge springardansarar. Vi heng nok litt etter i dag, men eg trur det vil kome seg etter kvart. Det ser ut som det gror, seier Knut optimistisk.

-Kjem du Hilme-stemnet i år, forresten?

-Ja, så sant liv og helse held, så skal eg det. Fyrst skal eg på lokalkappleiken, seier Knut.

-Kva med ei lita helsing til fjern og nær?

-Eg vil sende ei helsing til Kjellaug Bolstad, Jan Arne Sebuødegård, Trygve Bolstad, Ellen Persvold, Ingar Ranheim, Marit og Terje Lundemoen, Mary Viken, Elisabeth Kværne og Ola Hjelle.

Knut Aastad Bråt

SEMINAR OM TONALITET

Skotårsseminar på Fagernes 29. mars til 2. april.

Skotårsseminaret på Valdres Folkemuseum baud på fleire føredrag, kurs og diskusjonar omkring tema tonalitet. Blå, sure, skeive, falske og reine tonar vart grundig diskuterte. Kvar minste tone studert. Innleiarane Steinar Ofsdal, Ruth Wilhelmine Meyer, Stian Roland, Elisabeth Kværne og Rolf Karlberg bidrog på kvar sine måtar, einskilde på ein innfløkt og teoretisert måte, andre meir humørfyllt og deltakande. Ein skal ikkje undervurdere deltakarane, men teoretisering av folkemusikken står ikkje i motsetnad til god pedagogisk framføring. Noko å leggje seg på minne.

Ei som fekk liv og varme i seminardeltakarane, var Ruth Wilhelmine Meyer. Frå ho som småjente tralla salmar i gamle Grungedal kyrkje, har Meyer vore på lyd jakt verda rundt: Ho er lidenskafeleg oppteken av potensialet i stemmene. Store kroppar og små kroppar, stive eller avslappa – alt er viktig for korleis stemma formar songane, forklara ho. Meyer er flink til å aktivisere deltakarane, det har ho også vist tidlegare. På seminaret kommanderte ho deltakarane ut på golvet.

-Hoftene skal vere ledige og smidige, forklara ho. Sidan vart ulike stemmetypar prøvde ut, trutmunnydar, magelydar, høge lydar og låge lydar.

Meyer har vandra i eit rike av stemmer. Både opera, barokk og stemmeteknikkar frå ulike etniske grupper, opptek henne. Også kjeldematerialet i folkemusikkarkiva.

-Dei gamle songarane syng på sine egne, individuelle måtar. Dei har alle friske, sunne og opne stemmer med utgangspunkt i ein fleksibel kropp. Songarane tok i bruk heile skrotten som instrument, fortalde Meyer som gjerne skulle sett fleire foto av gamle songarar.

-Bildestoff fortel mykje om korleis dei eldre har sunge. Klang og fargebruk er forma utifrå kroppslege høve, sa ho.



*Ruth Wilhelmine Meyer har stort engasjement for songen. Det viste ho til fulle på Valdres folkemuseum 29. mars til 2. april.
Foto: Knut Aastad Bråten.*

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgs kontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommer
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar


Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgs kontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgs kontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgs kontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

FLØYTI-LARS

I Valdres Bygdebok, bind 6 (1968) står det noko om fløytespelarar i Valdres. Ein av dei var Fløyt-Lars.

«Fløyt-Lars var, som namnet seier, ein fløytelåtar. Far hans var Ola Bendiksson i Bendikssonplassen, i sørre Rogne i Øystre Slidre. Han Fløyt-Lars fór mykje ikring og let på fløyte. Ein gong var han i ein auksjon på Melby eller Rogne. Då gjekk han opp på ein haug og sette seg til å spela. Då var det ikkje lengje før auksjonslyden samla seg ikring han. Om ei stund kom òg lensmann Rønjus Nordtorp. Han ba Fløyt-Lars slutte og sa:

«Du lyt gjera vel slutte spela, endå får e ikkje halde auksjonen.»

Det er få kjelder som fortel om Ola, Lars og huslyden deira. I Valdres Bygdebok, gardar og slekter i Øystre Slidre B står det om Bendikssonplassen eller Brøtadn, i dag Nereng. «Denne plassen vart rydda av ein som heitte Ole Bendiksen (1799 – 1880). Far hans var frå Skattebuhauge, men hadde ei stund hatt ein husmannsplass i Røsslend – ein del av Bjødnsplassen. Ole Bendiksen eller «Bendiksson», som han for det meste vart kalla, var av eit sterkt folkety. [...]. Ole Bendiksen byrja her ikring 1830. Han og kona Ragnhild (frå Hovrud) hadde mange ungar, og stundom sat dei trongt i det. Men Bendiksson hadde støtt ei trøyst: 'Har'n kji vonde daga, so har'n kji gode heldan'. Litt om senn vart heimen større og betre, så folka greidde seg godt. Bendiksson var elles tømrar og ein flink skåpsnikkar, og så lèt han noko på fela.» Er dette foreldra til fløtespelar Lars? I folketellinga for 1865 er ein Ole Bendiksen Rudi nemnt. Han var gift med Ragnhild Larsdatter.

Knut Aastad Bråten



Foto: Knut Aastad Bråten

Låt o' Link er eit frittstående folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag.

Redaksjon for Låt o' Link: Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten.

Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes. Opplag: 450

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 907 68 797 eller på e-post: lauskar@hotmail.com

Nyttige namn og nummer

Lokalag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begjningspel- og dansarlag	Trygve Bolstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Ermedal spel- og dansarlag	Ellen Witboeg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	hemsing@c2i.net
Valdreskvevlen spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	elsabeth.brune@c2i.net
Valdreslaget i Oslo	Elsabeth Bring	22 13 79 64 (p)		
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randi.foenr@online.no
Vårflammen spel- og dansarlag	Lise Lunde Brennhagen	948 60 763/970 61 213		lisenor85@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	sisd-lie@online.no
Valdres folkemusikklag				
Leiar	Kjell Bakken	61 36 73 67, 913 71 993		komb@online.no
VII og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no
				info@hime.no
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen		95 75 53 07	
Strunkeveko, dagleg leiar	Sian Roland		994 48 486	leiar@strunkeveko.no
Strunkeveko, styreleiar	Eli Marit Fuglestad		986 23 123	elmafugl@online.no
Låt o' Link, redaktør	Knut Aastad Bråten	907 68 797		lauskar@hotmail.com
Andre				
Valfag i tradisjonsdans	Sian Roland		907 22 690	rolandsian@hotmail.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kvaerne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elsabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Instrumentverstaden	Knut Opheimshakken	61 35 99 30 (a)		
	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)		
LFS	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no
Spellemannsbladet	Knut Aastad Bråten		907 68 797	spellemannsbladet@folkemusikk.no

